

# Møtebok for Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

**Saksnummer:** OSL/09/23  
**Innkallingsdato:** 20. sept 2023  
**Møtedato:** 27. sept 2023  
**Møtestad:** Norheimsund kyrkje  
**Møtetid:** 17.00 – 20.30

**Medlemer tilstades på møtet: 9** Lisbeth Henriksen  
Ingvill Sørheim  
Olav Tombre  
Kåre Milje  
Gunnar Kvandal  
Astrid Helleve Fylkesnes  
Vetle Eide Karlsen

**Varamedlemer tilstades:** Ruben Øystese  
Oddvar Ulltang

**Meldt forfall:** 3 Knut Hovland  
Kjell Dysvik  
Astrid Lunestad

**Andre:** Olav Skeie Lid, sekretær

**Møteleiar:** Lisbeth Henriksen

Saker som vart drøfta: Sak 21/23 til og med sak 36/23

Møtet vart lukka under sak 36/23.

## **21/23 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat**

*Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 29.juni vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Ingvill Sørheim og Vetle Eide Karlsen*

## **22/23 Meldingar**

- Det kom ingen søkerar til stillinga som sokneprest i Øystese/Ålvik ved 3.gongs utlysing heller. Arbeidet med å skaffa prest vil halda fram på ulike måtar, men det vert ikkje ei ny utlysing med det første. Det er meir nærliggjande å sjå på flytting av allereie tilsette prestar innad i prostiet, opplyser prost Arild Hellesøy.
- Kyrkjevalet er over, og dei nye sokneråda er klare. Dei vil ta til 1. november, og vil straks velja nytt fellesråd, som skal vera verksamt frå 1. desember.
- I tråd med mail-utveksling innad i fellesrådet har Monica Skogvoll, kyrkjetenar i Strandebarm, fått permisjon utan løn frå og med 1. oktober 2023 – 30.sept 2024. Dei resterande kyrkjetenarane fordeler hennar stilling seg imellom, med litt innleigd ekstrahjelp når det røyner på.
- Taket på Norheimsund kyrkje er stadig vanskeleg å verta klok på. Til tider lek det heilt inn i våpenhuset, og mange stader renn det vatn på sutaket som kjem ut under takrennene. Dårleg teikn. Og alt dette utan at me klarar fanga opp kvar vatnet kjem inn. Det er ingen ytre brekkasje eller hol i heller. Både mystisk og litt fortvilande. Vindretning ser ut til å spela stor rolle. Feilsøk blant 24000 heller er krevjande – og dyrt. Smart arbeid må til, og er i gang.

## **23/23 Tertiarrapport nr 1 og 2 -2023**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde tertialrapport 1 og 2 til vitande.*

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet (Vedlegg 2A)	Hittil i år	HiÅ bud.	Avvik	Årsbudsjett	Avvik
Brukertilbeting, salg, avgifter og leieinntekter (600-659)	991 701	1 746 667	-754 966	2 620 000	-754 966
Refusjoner/overføringer (700-789)	1 125 280	866 667	258 614	1 300 000	258 614
Statlige tilskudd (800-804)	253 834	866 667	-612 833	1 300 000	-612 833
Tilskudd fra rettsubjektet Den norske kirke (805)	986 655		986 655		986 655
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune (830-839)	4 732 152	4 075 405	656 747	6 113 107	656 747
Tilskudd fra soknets organer (840-859)		33 333	-33 333	50 000	-33 333
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler (860-879)	115 891	133 333	-17 442	200 000	-17 442
Sum driftsinntekter	8 205 513	7 722 071	483 442	11 583 107	483 442
Lønn- og sosiale utgifter (010-099)	5 343 800	4 946 667	-397 133	7 420 000	-397 133
Kjøp av varer og tjenester (100-299)	2 664 052	1 940 000	-724 052	2 910 000	-724 052
Refusjoner/overføringer (300-389:429)	490 512	480 000	-10 512	720 000	-10 512
Sum driftsutgifter	8 498 364	7 366 667	-1 131 698	11 050 000	-1 131 698
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-292 852</b>	<b>355 405</b>	<b>-648 256</b>	<b>533 107</b>	<b>-648 256</b>
Renteinntekter og utbytte (900-909)	5 138		5 138		5 138
Renteutgifter og låneomkostninger (500-509)	18 525	10 000	-8 525	15 000	-8 525
Avdrag på lån (510-519)	40 848		-40 848		-40 848
Netto finansinntekter/-utgifter	-54 236	-10 000	-44 236	-15 000	-44 236
Avskrivninger (590)			400 000		
Motpost avskrivninger (990)			-100 000		
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-347 087</b>	<b>345 405</b>	<b>-692 492</b>	<b>218 107</b>	<b>-692 492</b>
Bruk av ubundne fond (940-949)	482 163		482 163		482 163
Sum bruk av avsetninger	482 163		482 163		482 163
Avsatt til dekning for tidligere år (underskudd) (530)	482 163		-482 163		-482 163
Sum avsetninger	482 163		-482 163		-482 163
<b>REGNSKAPSMESSIG MER-/MINDREFORBRUK</b>	<b>-347 087</b>	<b>345 405</b>	<b>-692 492</b>	<b>218 107</b>	<b>-692 492</b>

## 24/23 Tilbod frå nytt rekneskapskontor

*Samråystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd aksepterer tilboden om kjøp av rekneskapstenester frå Azets frå 1. januar 2024, og bed kyrkjeverje inngå dei naudsynte avtalar.*

Då tilbodsfristen var ute, hadde me fått eitt tilbod: Azets i Øystese. Deira tilbod ligg ved. Dei er eitt av få kontor i Kvam som kan tilby det me treng, og framstår for kyrkjeverja som ytterst seriøse og kompetente. Deira kontor har også andre fellesråd i landet i sin portefølje, og med si satsing på å vera til stades lokalt i Kvam i all overskueleg framtid, er det ikkje vanskeleg å tilrå at fellesrådet går inn for ein avtale med dei.

Prismessig ligg tilbodet om lag som Aider sitt. Men erfaring dei siste månadane – og ikkje minst i tertiærrapporten – syner at slike tilbod i beste fall er eit estimat. Det er og vert dokumentflyten og rutinane som avgjer sluttsummen. Ekstra-arbeid, som det har vore mykje av, kostar dyrt. Her er det no gjort eit solid stykke ryddearbeid hjå kyrkjeverja og Aider den siste tida som det eventuelle nye reknesapskontoret vil nyta godt av.

## 25/23 Nye kyrkjegardsvedtekter

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrklege fellesråd tilrår dei framlagde nye vedtekten, og bed kyrkjeverja legga dei ut på høyring før endeleg vedtak.*

Vedtekene - eller føresegnene, som det heiter i dei gamle papira – for kyrkjegardane våre er lovpålagnede dokument som skal gje retning og rettleiing for den felles arenaen som ein kyrkjegard er. No når me står på trappene til å innføra eit nytt tilbod, nemleg **namna minnelund**, treng me nye vedtekter.

Vedtekene som de i dag får framlagt, har vore gjennomarbeidde av komiteen for namna minnelundar, i godt samarbeid med statsforvaltaren for Vestfold, som er mynde i slike saker. Deira tilråding tek opp i seg alle dei forhold som er viktige for drifta av kyrkjegardane, slik kyrkjeverja ser det. Det er vidare slik at ved større endringar - og ved dette høvet er det absolutt det – så skal vedtekene ut på høyring. Fellesrådet vil difor få dei attende til endeleg vedtak etter høyringsrunden.

Utkast til

## FORSKRIFT OM GRAVPLASSVEDTEKTER, KVAM HERAD, VESTLAND

Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 (1), § 8 (1) og § 14 (1) og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a (4), jf. gravplasslova § 14 (1) og § 21.

Vedtatt av Kvam kyrklege fellesråd ....2023  
Godkjent av ..... Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark ..... (dato)

### § 1 FORVALTNING

Gravplassane i Kvam herad er underlagt Kvam kyrklege fellesråd.

### § 2. DEFINISJONAR

Gravplassmynde: Kvam kyrklege fellesråd under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassane i Kvam kommune, jf. gravplasslova med forskrifter.

Fri grav: Grav som gravplassmyndet har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.

Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.

Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

### **§ 3. FERDSEL PÅ GRAVPASSANE**

Besøkjande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravpassforskrifta § 9 (2). Gravpassmyndet kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

### **§ 4. GRAVPLASSTILHØYRSLE**

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva som helst av gravpassane i kommunen. Dei har rett til fri grav så framt grava er tilvist.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav så framt grava er tilvist.

Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved fest av grav blir betalt.

### **§ 5. FREDINGSTID**

Fredingstid for kistegraver er 25 år.

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

Gravpassmyndet kan vedta lengre fredingstid for enkelte graver.

### **§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR**

Når kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravpassmyndet; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved bruk av ordinær urnegrav, kan det bli festa ei grav ved sida av.

Ved bruk av urnegrav i namna minnelund kan ein og feste ei grav, men av praktiske årsaker vil ikkje urnene koma ved sida av kvarandre på gravfeltet, men koma saman som namn på felles minneplate eller som to namneplater etter kvarandre.

Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida **10** år.

Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/gravstaden bli festa for nye 10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornøya utan etter særleg samtykkje frå gravpassmyndet..

I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornøya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre särlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren til bruk av grav, kan gravpassmyndet ta avgjersle om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

### **§ 7. GRAV OG GRAVMINNE**

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggende graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravpassmyndigheita sørger for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilrådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravpassmyndet har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting. Så lenge ein ventar på gravminne, sørger gravpassmyndet for eit merke med avdøde sitt namn på.

På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast sentralt i bakkant av gravstaden. Gravminne skal stå på ei av gravene ved felles gravstad/ektefellegraver. Midtstilling er ikkje tillede.

## **§ 8. PLANTEFELT**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgd eller går utover plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterturner, lykter mv. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt steinkant som fluktar med terrenget omkring.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale. Planting bak gravminne er ikkje tillede.

## **§ 9. PLANTEMATERIALE**

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere kompostérbare.

## **§ 10. STELL AV GRAV**

Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjelege fellesråd, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ein slik avtale fritek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

## **§ 11. NAMNA MINNELUND**

Namna minnelund består av urnegraver.

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde førast på ei standard namneplate på felles minnesmerke fastsett av gravplassmyndet. Namneplata kan ha namn på to personar.

Pårørande kan velja om dei vil vera med eller ikkje når urna skal setjast ned på den namna minnelunden. Det er høve til å leggia ned ein enkel blom og/eller lys berre den dagen urna vert sett ned. Dette vert fjerna av tilsette på gravplassen dagen etter.

Gravplassmyndet kan gje løyve til at namn på person vert flytta til gravminne på ei eksisterande grav *eller eksisterande namneplate i namnet minnelund eller urnevegg* ein annan stad enn der vedkomande er gravlagt. Namnet må då fjernast frå *den opprinnelege plasseringa*.

Urnegraver i namna minnelund kan bli festa etter fredingstidas utløp på lik linje med andre urnegraver på gravplassen. Det vil likevel ikkje vere høve til å gravleggje på nytt i urnegrava. Minneplata vert fjerna når grava ikkje vert festa lenger.

Avgift for bruk av namna minnelund blir betalt frå det tidspunktet grava blir tatt i bruk og skal dekke kostnader ved namneplate og felles tilplanting.

Gravplassmyndet har ansvaret for felles tilplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan berre setjast ned avskorne blomar og tennast gravlys i særskilde vasar og lykter sett opp av gravplassmyndet..

## **§ 12. BÅREROM**

Bårerom blir disponert av gravplassmyndigheita, og skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

## **§ 13. NÆRINGSVERKSEMID**

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndet.. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering, sikring og vedlikehald av gravminne, og tilplanting og stell av graver.

## **§ 14. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE**

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på sundagar, heilagdagar eller offentlege høgtidsdagar. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyra på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik kjøring skal skje ekstra omsynsfullt.

## **§ 15. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE**

Gravplassmyndet kan ved særlege høve og innanfor ramma av gravplassloven og gjeldande forskrifter fråvike vedtekten.

## **§ 16. IKRAFTSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER**

Denne forskrift om gravplassvedtekter trer i kraft frå xx.xx.20xx. Frå same tid blir vedtekter (set inn eldre vedtekters dato og ev. nummer) for gravplassane i NN kommune. YY (erstatt YY med rett fylke), oppheva.

### **26/23 Tilsetjing av trusopplærar, vikariat**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjeleg fellesråd tilset Bryna Opdal som trusopplærar i 40% stilling fram til 31. juli 2024.*

Bryna Opdal har fungert som midlertidig tilsett i kyrkjja i Kvam i fleire år, og har lagt ein stor innsats blant dei minste. I sjukefråvere av fast tilsett trusopplærar er Bryna heilt uunnverleg. Det er også maktpåleggjande å ha folk i desse stillingane, for i neste omgang få tilskotmidlar frå bispedømet til dette arbeidet.

### **27/23 Tilsetjing av trusopplærar, vikariat**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjeleg fellesråd tilset Solfrid Storaker Lindøy som trusopplærar i 30% stilling fram til 31. juli 2024.*

Solfrid Lindøy har høve til å gå inn og gjera ein innsats der det har mangla, nemleg blant dei eldre barna. Dette har vore djupt sakna dei siste åra. Solfrid har lang fartstid som frivillig i soknerådet og i sundagsskulen i Vikøy sokn.

Også her vert det i tillegg same argumentasjon som i føregåande sak: stillinga er med og gjev grunnlag for refusjon av tilskotsmidlar i neste omgang.

## **28/23 Tilsetjing av konfirmant-lærar, vikariat**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tilset Eivind Daniel Rød som konfirmantlærar i 50% stilling fram til 31. juli 2024.*

I vår noverande situasjon, med lite føreseieleg prestesituasjon, har det vore heilt nødvendig at kateket Mampion har fått hjelp i konfirmantarbeidet. Eivind Daniel har vore her i fleire år i så måte, og er ikkje noko ukjent fjes i gangane i kyrkja. Han har stor kompetanse på ungdom, og arbeider til dagleg på Framnes.

Kyrkjeverja har vore til dels hard i klypa inn mot bispedømerådet med tanke på deira deltaking i den økonomiske biten i dette. Det har ført fram: me har no fått melding om at Eivind Daniel er fullfinansiert frå bispedømet dette skuleåret. Han er formelt sett tilsett hjå oss, men me får alle kostnader dekka av Bjørgvin bispedømeråd.

## **29/23 Budsjett og økonomiplan 2024**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner framlagde budsjett som retningsgjevande, og sender det til Kvam herad som vårt innspel i samband med budsjettprosessen. Når budsjettsum frå kommune er kjent, vil fellesrådet gjera sitt endelege budsjettvedtak.*

Budsjettkommentar:

- *Auken i det ynskte drifts-tilskotet frå Kvam herad tek opp i seg pris-og lønsstigning, samt ei endring frå brukarbetalt kremasjonsavgift, til at fellesrådet betalar denne. Den stipulerte summen er kr 100 000,- for 2024, og ligg altså innbakt i det beløpet me foreslår for heradet, kr 6 700 000,-*
- *Ei ny utfordring har kome for ein dag: også Norheimsund kyrkje treng ein tilstandsrapport. Det lek jamt og trutt, utruleg nok – etter berre 30 år. Det treng ei avdekking av kor alvorleg situasjonen er. Me tillet oss å be om kr 100 000 til dette arbeidet.*
- *Investeringar: to prosjekt er på trappene. Storvøle av Strandebarm kyrkje, samt ei etablering av namna minnelund i Øystese. Ingen av prosjekta er komne så langt som til utlysing av anbud, naturleg nok. Summane i investeringsbudsjettet er såleis meir retningsgjevande enn eksakte. Tilsagn om tilskotet frå riksantikvaren er likevel i boks.*

<b>Utgifter</b>		<b>Budsjett 2024</b>
010	Fastlønn	kr 5 950 000,00
020	Vikarer	kr 100 000,00
060	Trekkpliktige godtgjørsle	kr 30 000,00
080	Godtgjørelse folkevalgte	kr 45 000,00
090	Pensjonsinnskudd	kr 650 000,00
095	Trekkpliktige forsikringsordninger	kr 70 000,00
099	AGA	kr 670 000,00
100	Kontormateriell	kr 30 000,00
	Aktivitetsrelatert	
110	forbruksmat/utstyr/tjenester	kr 160 000,00
120	Annet forbruksmateriell	kr 60 000,00
130	Post, bank, telefoni og datalinjer	kr 70 000,00
140	Annonser, reklame, info og representasjon	kr 140 000,00
150	Opplæring, kurs (ikkje oppg. pliktig)	kr 20 000,00
160	Utgifter og godtg. for reiser	kr 85 000,00
165	Annen oppg. pliktig, men ikke trekkpl. ytelse	kr 17 000,00
170	Reiseutgifter, drift av egne transportmidler	kr 80 000,00
180	Energi	kr 600 000,00
185	Forsikringer	kr 230 000,00
190	Leie av lokaler og grunn	kr 10 000,00
195	Avgifter, gebyrer og lisenser	kr 150 000,00
200	Inventar og utstyr	kr 40 000,00
210	Leie, leasing, kjøp av transportmidler	kr 65 000,00
220	Leie, leasing, kjøp av maskiner	kr 35 000,00
230	Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	kr 500 000,00
240	Serviceavtaler og reparasjoner	kr 120 000,00
250	Materialer til vedlikehold	kr 100 000,00
265	Vakthold og vektertjenester, alarmsystemer	kr 30 000,00
270	Rekneskap og revisjon	kr 200 000,00
350	Refusjon til menighetsråd	kr 100 000,00
370	Refusjon til andre	
429	Mva som gir rett til momskompensasjon	kr 750 000,00
430	Tilskudd til kommune/komm institusjoner	
500	Renteutgifter	kr 12 000,00
510	Avdragsutgifter	
	Dekning av tidligere års regnskapsm. merforbruk	kr -
530		
540	Avsetning til disposisjonsfond	
550	Avsetninger til bundne fond	
570	Overføring til investeringsrekneskap	kr -
580	Regnskapsmessig overskudd	
590	Avskrivninger	kr 400 000,00
<b>Sum</b>		<b>11 519 000</b>

<b>Inntekter</b>		
600	Brukertilbetalning ved kirkelige tjenester	kr 80 000,00
610	Betaling fra deltakere	kr 150 000,00
620	Sal av varer og tjenester utenom avg.omr	kr 150 000,00
630	Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	kr 1 650 000,00
650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester	kr 250 000,00
	Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner frå trygdeetaten	kr 150 000,00
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet	
729	Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet	kr 600 000,00
800	Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	kr 1 500 000,00
830	Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	kr 6 700 000,00
850	Tilskudd fra menighetsråd	kr 75 000,00
870	Tilskudd/gaver fra andre	kr 150 000,00
900	Renteinntekter	
950	Bruk av bundne fond	
930	Bruk av udisponert frå tidl år	
980	Regnskapsmessig underskudd	
990	Motpost avskrivninger	kr 100 000,00
<b>Sum</b>		<b>11 555 000</b>
		<b>36 000</b>

<b>Del B</b>	<b>Investeringsbudsjett 2024</b>	
<b>Utgifter</b>		
200	Namna minnelund Øystese	kr <b>2 300 000,00</b>
430	Nytt tak Strandebarm kyrkje	kr 7 500 000,00
428/429	Mva som gir rett til momskompensasjon	kr -
520-529	Klp-eigenkapital	
550	Avsetninger til bundne fond	
580	Regnskapsmessig overskudd	
<b>Sum</b>	kr <b>9 800 000,00</b>	

<b>Inntekter</b>		
870	Tilskudd/gaver fra andre	
970	Tilskot Riksantikvar	kr 1 500 000,00
980	Kvam herad	kr 8 300 000,00
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet	kr -
950	Bruk av bundne fond	
<b>Sum</b>	kr <b>9 800 000,00</b>	

## **30/23 Kyrkjelege avgifter 2024**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tilrår fylgjande satsar for kyrkjelege avgifter for 2024 til Kvam heradsstyre.*

Dette er ei årleg øving: desse avgiftene gjeld kommunale tenester for gravferdsforvaltninga. Etter vår tilråding skal Kvam heradsstyre så vedta desse i budsjettet sitt.

Me har fått opplyst av Kvam herad at deira tilråding for prisauke for avgifter og gebyr er på kr 5,2 %. Det er ingen grunn til at me skal tenkja annleis. Tabellen er difor som fylgjer, med litt avrunding til nærmeste fornuftige tal:

<b>For gravferder:</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Festeavgift for grav	395	420
Festeavgift for grav over 60 år	790	840
Utanbygds avgift, gravferds-seremoni i kyrkje	9 700	10 200
Utanbygds avgift, kiste-nedsenking	5 900	6 200
Utanbygds avgift, urne-nedsetjing	2 500	2 630

## **31/23 Satsar for gravstell 2024**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek fylgjande satsar for gravstell for sesongen 2024:*

	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Standard avtale	1975	2075
Redusert avtale	1525	1600

Me steller eit stadig aukande antal graver i Kvam. Me har passert 200 med god margin, og nye kjem til heile tida. Også for denne tenesta er det naturleg å nytta den same auken i prosent som for kyrkjelege kommunale avgifter.

## **32/23 Ny partnar innan gravstell**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at Hildegunn Strømme overtek Arvid Strømme sin rolle som tenesteytar i samband med gravstell, både med planlegging, bestilling og utplanting.*

Arid Strømme har i snart 15 år vore eit stort aktivum innan gravstell her hjå oss. Våre kyrkjeterar utfører gravstell så langt dei rekk og har kompetanse til,- det resterande har me leigt Arvid Strømme til. No ynskjer han å trappa ned, og han tenkjer at dottera Hildegunn Strømme kan overta etter han. Kyrkjeverja samstemmer! Ho sel sine tenester til fellesrådet gjennom eige føretak, slik faren også har gjort.

### **33/23 Kremasjonavgift**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd ynskjer å likestilla kistegravferd med kremasjon reint økonomisk, og vil fra 1.1.2024 betala kremasjonsavgifta for dei pårørande. Vedtaket er avhengig av at Kvam herad vil kompensera for denne kostnaden med auka tilskot til fellesrådet gjennom sitt budsjettvedtak.*

Det kostar å døy. Det er likevel eit viktig prinsipp i gravferdslova at det ikkje skal kosta noko med sjølve gravferdshandlinga. Å bli gravlagt i den kommunen du er folkeregistrert i, er såleis utan kostnad for dei pårørande. Det er mange utgifter knytt til gravferda: gravstein, gravferdsbyrå etc – men sjølve gravferdshandlinga på kyrkjegarden, er og skal altså vera gratis.

Imidlertid er det slik at dersom ein vel kremasjon, så kjem det ein ekstra kostnad for dei pårørande. Denne avgifta frå krematoriet er på om lag kr 5000,- og har for Kvam sin del så langt vore betalt av dei pårørande. Og lat det vera sagt: mange stader i vårt land gjer ein det på same måten. Men mange kommunar og fellesråd har også innført at det offentlege tek seg av denne avgifta, for å gje likebehandling til dei pårørande.

Kremasjon er ei gravferdsordning som heilt klart har mange positive sider: urnenedsetjing betyr ein halvtimes arbeid med spade for ein mann, ei kistegravferd er to mann i 6 timer med gravmaskin. I tillegg kjem arbeidsmiljøaspektet og den mentale påkjenninga for kyrkjegardsarbeidarar. Det negative med miljøreknestykket er sjølvsgåt transport til krematoriet. Denne vert dekka av NAV i dag – men er framleis ei miljøbelastning.

Kyrkjeverja har vore i dialog med kommunen om dette, og tek i første omgang saka opp i fellesrådet. Me har ikkje økonomi til dette åleine. Med ca 20 kremasjonar frå vår kommune kvart år, snakkar me fort om ei utgift for fellesrådet på kr 100 000,- Men slik er det: likskap for lova kostar.

### **34/23 Skifte av kraftleverandør**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd ynskjer å kjøpa kraft lokalt, og gjev kyrkjeverje fullmakt til å skifte leverandør frå Fjordkraft til Kvam kraftverk, og å finna den til ei kvar tid beste avtalen.*

Kvam kyrkjelege fellesråd kjøper i dag kraft frå Fjordkraft via KNIF, gjennom ein såkalla sikringsavtale. (Dette er komplisert å forklara!) Avtalen me har, kan på mange måtar samanliknast med fastrente-avtalar: ein betalar meir enn spotpris gjennom året, men deler av kjøpet (50%) er sikra gjennom ei slags forsikringsordning, som tek dei verste toppane. Me har såleis nytt godt av denne avtalen i det turbulente 2022 – men no tapar me pengar kvar månad.

Det er ikkje noko i vegen for å halda fram der me er. Det er trygt og føreseieleg. Me betalar altså då litt meir enn me treng heile tida, mot å vera skånt for dei verste utsлага av ein uregjerleg spotpris.

Denne typen avtalar teiknar ikkje kraftselskapa lenger, slik eg har forstått det. Dersom me skulle ynska å bli kunde hjå Kvam kraftverk – noko altså kyrkjeverja ynskjer – så tilbyd dei ulike måtar å kjøpa kraft på. Det vert relativt krevjande å gå inn på dei ulike modellar i ei slik saksframstilling. Spotpris, fastpris i kortare tidsrom – dette er råd å gå seg heilt vill i. Viktigare for kyrkjeverja er fylgjande: eg opplever at Kvam kraftverk – sjølv om dei naturlegvis ynskjer selja kraft til best mogeleg pris – er genuint opptekne av kyrkja og vår økonomi, og at dei er tilstades og kan snakkast med face to face. Det får eg ikkje til med Fjordkraft. Kvam kraftverk har også tilbode oss romsleg kredittid, dersom likviditeten vår skulle vera dårlig frå tid til annan.

Det som gjer dette endå meir komplisert, er at me må kjøpa oss ut av avtalen med Fjordkraft. Det er ein såkalla overkurs som må svarast for. Den kan slå begge vegar, basert på kraftprisen når me kjøper

oss ut. I skrivande stund er dette eit minus-reknestykke for Kvam kyrkjelege fellesråd, det vil kosta oss om lag kr 30 000,- å gå ifrå avtalen. På ein måte er dette ein grunn i seg sjølv til å skifta avtale, på den andre sida er dette pengar som hadde vore godt å ha til andre føremål. Men summa summarum: kyrkjeverje trur – som alltid – at det er godt å venda heim att, på alle måtar.

### **35/23 Møteplan hausten 2023**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek fylgjande møteplan for resten av 2023:*

- *Onsdag 6. desember:*
- *Kl 16.30 :Oppsummeringsmøte for det avtroppande fellesrådet.  
Kl 18.00: Felles middag med gammalt og nytt fellesråd  
Kl 19.30: Konstituering av det nye fellesrådet*

### **36/23 Leiarløn kyrkjeverje**

Møtet vert lukka.